Jeg syns saksordføreren gav en grundig og god redegjørelse. Jeg vil bare få tilføye at Jondalstunnelen på mange måter har vært det manglende ledd i en naturlig kommunikasjonsakse som har vært på gang etter at Folgefonntunnelen ble bygd. Det er også riktig at dette er en finansieringsløsning som er en etterlevning fra det gamle «tilskudd til store fylkesvegprosjekter». Men jeg syns det er riktig fra Stortingets talerstol i dag å trekke fram at et større fylkesveganlegg enn dette med bidrag fra fylket har vi vel knapt nok sett – 760 mill. kr i totalkostnad, hvor Hordaland fylkeskommune står bak 70 pst. av finansieringen. Staten bidrar altså med 6–7 pst. Dette viser mest av alt en vilje til satsing og utvikling i denne regionen.

Det er et spennende prosjekt, fordi det er et jomfruelig terreng dette skal gå gjennom. Det er en ny korridor som vi ikke har noen erfaring med. Det åpner for svært store muligheter og da nye transportkorridorer gjennom dette området. Så det vil bli svært spennende å følge denne utviklingen.

Det er stor enighet i komiteen også om dette prosjektet. Fra Høyres side gleder vi oss spesielt over at vi nå får klarsignal, og jeg vil også få legge til at vi fra vår side

håper at den endelige traséløsningen lokalt blir å leve med for alle parter.

**Hallgeir H. Langeland (SV) [10:49:37]:** «Høy og mørk» kan jo oppfattast på forskjellige måtar, men dei eg tenkjer på, er i alle fall lyse, så eg trur ikkje Høgre skal ha nokon svær høg sigarføring for innsatsen når det gjeld Jondalstunnelen, verken lokalt eller sett i eit historisk perspektiv. Men no er det altså sånn at saka går, og det må vera det viktigaste. Det var òg det representanten frå Høgre sa i sitt innlegg.

Eg synest saksordføreren her på ein kunnskapsrik måte la fram denne saka nyansert og balansert, og eg har ikkje noko behov for å kommentera det noko meir – berre eit par punkt. Det eine er det som òg Halleraker var inne på, det at store pengar går til vegprosjekt i fylka. Det betyr at andre ting blir prioriterte ned. Det at ein i fylkeskommunane prioriterer vegar så høgt, får altså konsekvensar for andre sektorar. Det er bekymringsfullt. Det er eg einig med Høgre i.

Det andre er at når ein ser kor viktig denne tunnelen vil vera i framtida dersom ein ser på trasear mellom Austlandet og Vestlandet og E134 over Haukeli og stamvegen der, så ser ein jo at her går den kortaste vegen mellom Bergen og Austlandsområdet. Det er her han går. Det synest eg òg er interessant i forhold til andre samferdselsprosjekt i området.

Eg har berre lyst til å slutta meg til gleder over at denne regjeringa også ryddar denne saka ut av verda. Det er bra. I tillegg tilfører me altså folk moglegheiter for meir arbeid gjennom at anleggsbransjen får fleire oppdrag. Så dette går vegen!

**Ingebrigt S. Sørfohn (KrF) [10:51:43]:** I dag går flagga til topps i Kvinnherad og i Jondal, men òg i andre delar av regionen vil Jondalstunnelen bety svært mykje. Det er ein lang og seig prosess som no går mot slutten, og dette er eit eksempel på at vilje, tolmod og samspel i regionen gjev resultat.

Det er teke til orde for å henta inn tilbod for alle dei fire kombinasjonane av alternativ, og eg er overbevist om at det er fornuftig. Kanskje nettopp den situasjonen me har no med nedgang i aktiviteten i bygg og anlegg, kan gjera at ein kan få eit endå betre prosjekt her enn slik det kunne sjå ut i ein periode.

Spesielt sikkerheita er kjempeviktig. Dette er ikkje berre eit stikkord, men ein viktig realitet. På Kvinnheradsida av dette prosjektet er det ei svært krevjande utfordring å få til ei forsvarleg rassikring. Eg er redd for at det kan verta ein nokså høg pris før ein har ei tilstrekkeleg og god rassikring her, men me kan ikkje slå av på krava til sikkerheit for trafikantane. I denne delen av landet er rassikring eit av dei viktigaste elementa for å gje ei slik sikkerheit.

Men i dag gler me oss. Me gler oss over at dette viktige prosjektet gjer eit kjempebykks framover og no nærmar seg ei realisering.

**Jenny Klinge (Sp) [10:53:43]:** Vi i Senterpartiet er opptekne av samferdsel, ikkje fordi det er eit mål i seg

sjølv, men fordi ein god og trygg infrastruktur er ein av-  
gjerande føresetnad for vekst og utvikling i alle delar av  
landet vårt.

I saka om Jondalstunnelen i Hordaland er det eit lang-  
varig og tolmogig arbeid frå lokale krefter, ikkje minst frå  
Senterpartiet, som no gir resultat.

Å skape velfungerande arbeids-, bu- og serviceregionar  
er ikkje berre lett når fjordar og fjell skil lokalsamfunn.  
Men ved å byggje landet ikkje berre stein på stein, men  
også meter for meter går vi framtida offensivt i møte.

Indre delar av Hordaland har sakka noko akterut i utvik-  
linga i forhold til ytre delar. Slik er det også i andre fylke.  
For Senterpartiet er Jondalstunnelen eit fornuftig middel  
til å nå målet om vekst også i indre strøk. Slik sett kan  
vi i denne saka omforme slagordet vårt «Ta heile landet i  
bruk» til «Ta heile Hordaland i bruk».

Eg vil avslutte med å gratulere alle dei som har jobba  
med dette prosjektet, med dagen.

**Statsråd Liv Signe Navarsete [10:55:14]:** Dette er ei  
sak med lang forhistorie. Mange har lagt ned eit stort ar-  
beid for å få dette prosjektet realisert. Ikkje minst har  
ordførarar, noverande og tidlegare, frå Jondal og frå gode  
nabokommunar i Hardanger grunn til å glede seg over at  
arbeidet endeleg ber frukter.

Av ulike grunnar har det teke lang tid før saka kunne  
fremjast for Stortinget. Eg er difor glad for at fleirtalet i  
komiteen har slutta seg til forslaget om delvis bompeng-  
gefinansiering av Jondalstunnelen. Prosjektet vil etablere  
eit nytt samband mellom Jondal og Kvinnherad kommuna-  
nar. Hovudmålet er å gi Jondal kommune betre og kortare  
samband mot Kvinnherad og vidare via Folgefonntunne-  
len mot Odda og E134. Jondalstunnelen er òg viktig for  
den regionale utviklinga i kommunane på og rundt Fol-  
gefonnhalvøya i Hardanger. Eg er sikker på at prosjektet  
vil gi ny vekst og utvikling i regionen, og eg er imponert  
over initiativrike folk som ser moglegheitene når ny veg  
er på plass. Etter eit besøk i Jondal har eg mange viktige  
minne om initiativrike folk som berre ventar på at me  
og samfunnet rundt dei skal leggje til rette for at dei kan  
bruke sine kreative evner.

Det ligg føre planar for fleire traséløysingar. Endeleg  
vil verte teke etter at det er henta inn tilbod frå entrepre-  
nørar på fleire alternativ. Basert på traséløysinga i dei god-  
kjende reguleringsplanane vert lengda på tunnelen 8,3 km.

Gjennom overgangsordninga for store fylkesvegpro-  
sjekt var det høve til å prioritere tilskot på inntil 50 mill. kr  
til slike prosjekt innafor fylkesfordelt ramme for andre riks-  
vegnett for perioden 2002–2005. For prosjektet Jondalstun-  
nelen vart det opna for å utvide ordninga til òg å omfatte  
perioden 2006–2009. Under behandlinga av statsbudsjet-  
tet for 2005 løyvde Stortinget på visse vilkår 30 mill.  
2005-kroner i tilskot til prosjektet, jf. Budsjett-innst. S.  
nr. 13 for 2004–2005. Det var ein føresetnad at resten av  
tilskotet på til saman 50 mill. kr vart prioritert innafor fyl-  
kesfordelt ramme til andre riksvegar i Hordaland for pe-  
rioden 2006–2009. Fylkestinget i Hordaland sette i møte  
den 4. mai 2005 av inntil 20 mill. kr til Jondalstunnelen. Eg  
viser til desse føresetnadene og ser ikkje nokon grunn til

at staten òg skal finansiere bompengedelen, slik mindreta-  
let i komiteen går inn for. Dette er eit prosjekt der ein har  
funne lokal semje, og ein har funne fram til ei god løysing.

Totalkostnadene ved full utbygging av kvar av dei fire  
kombinasjonane varierer frå om lag 1 milliard kr til om lag  
1,2 milliardar kr. Dette omfattar utbygging av tofelts veg  
på heile strekninga frå rv. 551 i Kvinnherad til Belsnes i  
Jondal.

Eit oppdatert kostnadsoverslag vart hausten 2007 kva-  
litetssikra av ein ekstern konsulent, i samsvar med prin-  
sippa for styring av statlege investeringar. Med bakgrunn  
i kostnadsauken som framkom der, godkjende Hordaland  
fylkeskommune den 24. april 2008 ein ny finansierings-  
plan. I tillegg til statleg tilskot og bompengar omfattar fi-  
nansieringa kommunale tilskot og fylkeskommunale mid-  
lar. Med andre ord: Dette er eit skikkeleg spleiselag. Ikkje  
minst vil eg rose Hordaland fylkeskommune, som stil-  
ler opp og gjer ei stor satsing, som vil bety mykje for  
Hardanger-regionen og for Hordaland fylke totalt sett.

Det er lagt opp til anleggsstart i 2009, med trafikkop-  
ning i 2012.

Når etterskotsinnkrevjinga startar opp for Jondalstun-  
nelen, vil det fram til Folgefonntunnelen er nedbetalt i  
2016, vere to bomstasjonar mellom Jondal og Odda. Fyl-  
kestinget har gått inn for at dei trafikantane som passerer  
både Folgefonntunnelen og Jondalstunnelen i løpet av ein  
time, berre skal betale for passering i Jondalstunnelen.

Som det går fram av proposisjonen, og som eg har  
svart komiteen skriftleg, bør innføring av automatisert inn-  
krevjing for både Jondalstunnelen og Folgefonntunnelen  
vurderast nærare. Dette er noko eg vil følgje opp.

Eg legg stor vekt på at det er lokalpolitisk tilslutning til  
å delfinansiere utbygginga med bompengar. Sidan dette er  
eit fylkesvegprosjekt, må det etter mitt syn leggast spesielt  
stor vekt på fylkeskommunen sitt forslag til finansierings-  
opplegg, inklusiv forskotsinnkrevjing på ferjesambandet  
Jondal–Tørvikbygd.

Til slutt vil eg seie at eg har stor tillit til at fylkeskom-  
munen handterer anbudsutlysinga av fleire traséalterna-  
tiv på ein god måte, og eg ser fram til at eit viktig prosjekt  
for Hordaland og Hardanger endeleg kan få si realisering.

**Presidenten:** De talere som heretter får ordet, har en  
taletid på inntil 3 minutter.

**Arne Sortevik (FrP) [11:00:39]:** La meg først si til  
statsråden på denne måten istedenfor i replikk at vi kan  
være uenige om finansieringsmåten, men Fremskrittspar-  
tiet gir statsråden honnør for å ha vært med og dratt saken  
frem. Vi oppfatter det slik, og vi gir gjerne honnør for det.

Dette prosjektet er kvalitetssikret til overmål. Det har  
vært til ekstern kvalitetssikring hele tre ganger, så vi føler  
oss sikre på at vi ikke får noen ubehagelig kostnadssprekk  
her.

I tillegg er det grunn til å peke på det også andre har  
pekt på, nemlig at vi kjenner et tilsvarende tunnelprosjekt i  
det nære området der, nemlig Folgefonntunnelen, som har  
vært i bruk lenge til glede for bilistene. Det var i tillegg  
et svært vellykket byggeprosjekt, som gikk på skinner i



forhold til kostnadene og de anbudene som kom inn. Det var drevet av Vegvesenet selv på den ene siden og private entreprenører på den andre siden – altså halvparten av prosjektet. Og de traff hverandre – det er ikke minst viktig.

Det er mange som gleder seg i dag. Det er det grunn til, fordi det har vært en lang og strevsom vei frem; ikke minst har det vært strevsomt for Hordaland fylkeskommune, som har tatt det store finansieringsløftet på dette prosjektet. De har hatt saken oppe til behandling mange ganger. Det er ikke lenge siden de behandlet det igjen i forbindelse med anbudsutlysning. Jeg synes allikevel at det kan være på sin plass med en presisering knyttet til hvordan fylkeskommunen slutter opp om prosjektet. Den siste realitetsbehandlingen i Hordaland fylkeskommune fant sted i april i år – april 2008. Da var det 43 stemmer for vedtaket om å bygge denne tunnelen, og de 43 stemmene kom fra Fremskrittspartiet, Arbeiderpartiet, SV, Senterpartiet, Venstre, Raudt – som det nå heter på nynorsk – og to representanter for Kristelig Folkepartiet. 14 representanter stemte mot å bygge tunnelen. Hvis jeg har fått riktig protokoll – det tror jeg – var det elleve røyster fra Høyre og tre fra Kristelig Folkeparti.

**Hallgeir H. Langeland (SV) [11:03:17]:** Det var jo interessante faktaopplysningar som kom frå Framstegspartiet her. Eg tek ordet berre for ei presisering av det som står i merknadene når det gjeld trasévalet. Transport- og kommunikasjonskomiteen har jo vore i området og sett på korleis dei ulike inngrepa i naturen vil bli. Eg føler behov for, òg ut ifrå den dokumentasjonen som me har fått, å gje eit klart råd – utan at det har noka betydning sånn sett, men iallfall eit klart råd – frå SV si side om å velje det alternativet som tek mest omsyn til lokalbefolkninga og til natur og miljø når ein vel trasé og startar opp anlegget i 2009.

**Presidenten:** Flere har ikke bedt om ordet til sak nr. 2. (Votering, se side 365)

Sak n r. 3 [11:04:14]

*Innstilling frå transport- og kommunikasjonskomiteen om bygging og finansiering av ny ferjekai på Årsnes og utbetring av rv 551 mellom Løfallstrand og Årsnes i Kvinnherad kommune i Hordaland (Innst. S. nr. 18 (2008–2009), jf. St.prp. nr. 2 (2008–2009))*

**Presidenten:** Etter ønske fra transport- og kommunikasjonskomiteen vil presidenten foreslå at taletiden blir begrenset til 5 minutter til hver gruppe og 5 minutter til statsråden.

Videre vil presidenten foreslå at det blir gitt anledning til tre replikker med svar etter innlegg fra medlemmer av Regjeringen innenfor den fordelte taletid.

Videre vil presidenten foreslå at de som måtte tegne seg på talerlisten utover den fordelte taletid, får en taletid på inntil 3 minutter.

– Det anses vedtatt.

**Øyvind Halleraker (H) [11:05:07]** (ordfører for saken): Denne saken handler om bygging og finansiering av en ny ferjekai på Årsnes i Kvinnherad kommune og i tillegg utbedringstiltak på eksisterende rv. 551 mellom dagens ferjekai på Løfallstrand og Årsnes – kanskje ikke så stor sak i forhold til de foregående, men likevel svært viktig. Det er selvfølgelig finansieringsopplegget med betydelig innslag av bompenger som er grunnen til at Stortinget behandler saken.

Igjen ser vi at kommunen, i dette tilfellet Kvinnherad kommune, og trafikanter påtar seg finansieringsansvar for å realisere viktige tiltak for å bedre infrastrukturen – i dette tilfellet 50 pst. av totalkostnaden på 80 mill. kr.

Dagens ferjesamband Gjermundshamn–Løfallstrand er viktig så vel for lokaltrafikken som for langdistansetrafikken og er mye benyttet som gjennomgangssamband mellom øst og vest etter at Folgefonntunnelen åpnet. Det er faktisk slik at dette er den ferjestrekningen i Hordaland som har flest gjenstående biler. Og det er selvfølgelig kilde til stor irritasjon ikke å kunne komme med ferjene.

Dagens ferjekai på Løfallstrand er nedslitt og trang og har dårlig kapasitet. Derfor er det høyst betimelig at vi nå får denne fornyelsen. Men det innebærer ikke bare en fornyelse, det innebærer også en innkorting på ferjestrekningen, som for øvrig også inkluderer et stopp på Varaldsøy midt i fjorden.

Komiteens flertall slutter seg til finansieringsopplegget. Finansieringsopplegget innebærer i korte trekk at bompengene skal innkreves på ferja, ved at det legges fire ekstra takstsoner til den ordinære takstsonen når det nye sambandet er etablert. Det er også slik at Hordaland fylkeskommune skal etablere og drifte det bompengeselskapet som står ansvarlig for innkrevingen av disse bompengene og finansieringsbidraget. Komiteen har også sluttet seg til at den tidligere avtalte refusjonen til Kvinnherad kommune på 20 mill. kr inngår som en ny forskuttering for å komme snart i gang med prosjektet.

Komiteen har bestrebet seg på å få en rask behandling av denne saken i komiteen og i Stortinget, og jeg vil takke mine komitékollegaer for viljen til det. Vi har derfor i komiteens flertallsmerknader presisert at vi ønsker en oppstart så tidlig som mulig i 2009, og at man om mulig tilstreber en forsering og innkorting av byggeperioden, slik at ikke byggeperioden strekker seg over to sommersesonger, men kan være over til sommertrafikken i 2010.

Helt til slutt: Flertallet konstaterer at Hordaland fylkeskommune har gått inn for en ferjefri kyststamveg, E39, gjennom nabokommunen Fusa på den andre siden av fjorden. Når denne står ferdig, kan det meget vel vise seg at dagens beslutning kan vise seg å bli svært viktig for tverrsambandet fra E134 mot E39 – ja, for hele kyststamvegen gjennom Hordaland.

**Per Rune Henriksen (A) [11:09:23]:** Dette er en sak som vekker stor glede i Kvinnherad – at man får unna vedtak.

Det er, som saksordføreren redegjorde for, store problemer med trafikkavviklingen på ferjesambandet Løfallstrand–Gjermundshamn. I Hordaland er vi svært fornøyd

med at det nå legges opp til en langsiktig løsning på de problemene man i dag opplever på dette ferjesambandet. Den skrøpelige og utdaterte ferjekaien på Løfallstrand har ikke på noen måte kapasitet til å ta unna trafikken. Det er for liten biloppstillingsplass, og ferjeleiet er for lite og for dårlig til å kunne ta større ferjer.

Med åpningen av Folgefonntunnelen har trafikken økt, men uten at kapasiteten i ferjesambandet har blitt styrket. I sommer måtte kommunen gå inn i et spleiselag med transportselskapet Tide, som trafikkerer strekningen, for å få satt inn en tredje ferje i seks uker.

Mange biler og dårlige trafikale forhold har ført til store problemer med å holde orden på køen. Det har gått så langt at det i sommer var nødvendig å ha politi på stedet for å holde orden på forholdene. Det sier seg selv at denne situasjonen er uholdbar. Folk kvier seg for å reise til og gjennom denne delen av Kvinnherad når de vet at risikoen for å sitte i ferjekø i flere timer er overhengende. Dette er alvorlig for en kommune som sliter med å opprettholde et folketall på i overkant av 13 000.

Det blir også vanskelig for Kvinnherad å utnytte det åpenbare potensialet for turisttrafikk som både Baroniet Rosendal og et naturskjønt Hardanger gir. Det er også et problem for hele regionen, ettersom denne ferjestrekningen også tar trafikk fra Odda-siden av Folgefonntunnelen.

Ny ferjekai på Årsnes vil gjøre det mulig å sette inn større ferjer som kan ta unna trafikken på en helt annen måte. Problemet er at denne kaien ikke vil stå ferdig før i 2010. I tiden fram til vi har ny ferjekai på plass, må det iverksettes andre tiltak for å ta unna trafikktoppene. Planlegging av slike tiltak er nå i gang, er jeg kjent med, og jeg vil be om at statsråden stiller seg positivt til statlig medvirkning til gode midlertidige løsninger når lokale myndigheter snart tar kontakt om denne saken.

**Arne Sortevik (FrP) [11:11:48]:** Jeg sa i mitt første innlegg, i den første saken, at når Stortinget i dag behandler tre proposisjoner om bompengefinansiering av prosjekter, så er det tre svært ulike prosjekter, tre ulike prosjekter som knyttes sammen i en felles bompengeskjebne – aldeles unødvendig etter Fremskrittspartiets mening.

Det første prosjektet er et slags «klassisk» bompengeprojekt, der man i nesten ti år før bilistene får levert, innkrever nesten 400 mill. kr. Det andre som vi nettopp har behandlet, et gjenværende fylkesveiprojekt, blir lidende med en sterkt redusert statlig bidragsandel på grunn av en forvaltningsmessig omlegging – ikke uvanlig, men likevel beklagelig.

Så til dette prosjektet – bygging og finansiering av ny ferjekai på Årsnes og utbedring av rv. 551 mellom Løfallstrand og Årsnes i Kvinnherad kommune. Det er heldigvis ikke ofte vi har slike prosjekter til behandling i Stortinget: bompengefinansiering av et ferjekaiprosjekt til samlet 80 mill. kr.

Det er ingen tvil om at det er nødvendig å gjøre noe med ferjekaien, men samtidig har det noe stakkarslig over seg for en oljerik nasjon at vi faktisk må behandle fornyelse og bygging av en ny ferjekai til 80 mill. kr gjennom en egen sak i landets nasjonalforsamling. Det er samtidig et

betenkelig signal som sendes om at man nesten uten reservasjon bruker ferjestrekninger til innkreving av bompenger, enten til tilknyttede prosjekter eller, som vi så i den første saken, til prosjekter som overhodet ikke har noen tilknytning til at trafikantene bruker ferjen.

Jeg vil gjerne vise til den protokolltilførselen som ble gitt i forbindelse med at Hordaland fylkesting behandlet saken. Jeg siterer:

«Protokollmerknad frå Høgre, Fremskrittspartiet, Kristeleg folkeparti, uavhengig og SV: «Fylkestinget meiner at vi no flyttar grensene ved å bruka bompengefinansiering ved bygging av ferjekaiar. Fylkestinget meiner at dette fullt ut burde vore finansiert over statsbudsjettet.»»

Jeg viser også til svarene fra Samferdselsdepartementet som er gjengitt i saken. Jeg skal nøye meg med å sitere det som vi kan tiltre og si «heldigvis» til:

«Antallet gjennomførte prosjekter av denne typen er begrenset.»

Av totalbeløpet på 80 mill. kr skal altså 40 mill. finansieres med bompenger. I tillegg til de 40 mill. kr skal bilistene betale finansieringskostnader på 14 mill. kr og innkrevingskostnader på 3 mill. kr. Samlet kostnad som dekkes gjennom bompenger, er 57 mill. kr. Finansierings- og innkrevingskostnader utgjør altså et tillegg på over 40 pst. – 42,5 pst., for å være nøyaktig. I andre sammenhenger ville man si at dette var ågerivikår. Om det er parlamentarisk, overlater jeg til presidenten å finne ut.

Riksveiferjesambandet mellom Løfallstrand og Gjermundshamn er, som andre har sagt, viktig både for lokaltrafikk og for langdistansetrafikk. Rv. 551 fra Odda til Løfallstrand, ferje til Gjermundshamn og rv. 48 videre fra Gjermundshamn mot Bergen er en av flere viktige reiseruter som brukes på strekningen mellom Odda og Bergen.

Dagens ferjekai på Løfallstrand er gammel og nedslitt. Fremskrittspartiet mener at bygging av ny ferjekai er nødvendig, og understreker, som andre har gjort, behovet for at byggingen igangsettes og gjennomføres så raskt som mulig, slik at ferdigstillelsen kan være på plass til sommeren 2010. Men vi mener altså at ferjekaien skal finansieres av staten, også den nye ferjekaien på Årsnes.

Jeg tar opp vårt forslag fra innstillingen og ber om alternativ votering.

**Presidenten:** Representanten Arne Sortevik har tatt opp det forslaget han refererte til.

**Jenny Klinge (Sp) [11:16:33]:** Det er mange som er avhengige av å bli skyssa over dei talrike og ikkje minst vakre fjordane i landet vårt. Dessverre er det mange ferjekaiar som er for små og upraktiske, og som manglar oppstillingsplassar. Dette skapar somme stader trafikkfarlege forhold og fører til frustrasjon hos bilistane. Dessutan er ferjekaiene tidvis til hinder for å setje inn større ferjer der stor trafikkmengd gjer det fornuftig å auke kapasiteten.

Saksordføraren, Halleraker, hadde ein god gjennomgang av den saka vi debatterer no, og han nemnde at ferjesambandet Løfallstrand–Varaldsøy–Gjermundshamn er

det sambandet som har flest attståande bilar på grunn av dårleg infrastruktur og urasjonelt seglingsmønster for ferjene. Derfor er det på tide at ei ny ferjekai blir bygd. Utbetringa av rv. 551, som blir tilførselsvegen mellom Løfallstrand og Årsnes, er såleis også viktig å få på plass. Derfor har komiteen sørgt for ei så rask behandling som mogleg, for at byggjearbeidet ikkje skal bli unødvendig forseinka.

Stamvegsambandet E134 mellom Vestlandet og Austlandet over Haukeli er viktig å få utbetra, fordi det m.a. er mykje viktig næringstransport som går på denne vegen. Det er i så måte fornuftig også å få på plass nye tunnelar over Haukelifjell. Dette ligg i framtida. No er det tiltaket i Kvinnherad kommune i Hordaland som i alle fall er eit skritt på vegen for å gjere denne strekninga betre framkommeleg. Men ikkje minst vil forholda for lokaltrafikken bli betre, og det viser også det lokalpolitiske engasjementet i saka.

**Knut Arild Hareide (KrF) [11:18:29]:** Eg tek ordet på vegner av Kristeleg Folkeparti for å seie at Kristeleg Folkeparti sluttar seg til innstillinga og det som fleirtalet seier om finansiering.

Det var representanten Henriksen som sa at dette blir opplevd som ein god dag for Kvinnherad, og at desse prosjekta har stor støtte. Når ein har vore på ferjekaia i Løfallstrand, veit ein at her er behovet til stades. Det same gjeld utbetringa av riksvegen mellom Løfallstrand og Årsnes.

Det debatten her har vore knytt opp til, har vore finansiering. Til det har eg lyst til å seie to ting: Det eine er at det er veldig bra at ein stiller opp på slike spleiselag, også lokale myndigheiter. Det andre eg vil seie, er at det viktigaste er å få gjennomført prosjekta. I den samanheng har eg også lyst til å gi honnør til Regjeringa, som har kome med proposisjonen, slik at vi får på plass dette prosjektet og for så vidt også dei førre sakene, som har vore viktige å få på plass.

**Statsråd Liv Signe Navarsete [11:20:05]:** Eg er glad for at fleirtalet i komiteen har slutta seg til forslaget om delvis bompengefinansiering av dette prosjektet.

Prosjektet er viktig og vil erstatte noverande ferjekai på Løfallstrand med ny ferjekai på Årsnes i sambanda til Gjermundshamn og Varaldsøy. I tillegg til bygging av ny ferjekai på Årsnes ca. 4 km nord for Løfallstrand vil det verte gjennomført utbetringstiltak på rv. 551 mellom Løfallstrand og Årsnes.

Ferjekaia på Løfallstrand er gammal og nedsliten. Kaia er kort, og djupneforholda ved kaia gjer at ein ikkje kan setje inn større ferjer enn dei som trafikkerer ferjesambanda i dag. Oppstillingsplassen er òg for liten i forhold til trafikken, ein trafikk som har auka mykje dei seinare åra, og som heilt sikkert òg vil halde fram å auke, i eit område der det no òg vert endringar i reisemønsteret elles.

Seglingstida over Hardangerfjorden vert redusert frå om lag 25 minutt til om lag 20 minutt. Dette gjeld både for sambandet til Gjermundshamn og sambandet til Varaldsøy. Reisetida mellom Odda og Bergen vil samla verte redusert med om lag 10 minutt, sidan køyretida òg vert kortare frå Odda til den nye ferjekaia. For trafikk frå om-

råda sør for Løfallstrand vil køyretida til den nye ferjekaia auke, men summen av køyretid og seglingstid vert om lag som i dag.

Bygging av ny ferjekai er kostnadsrekna til 60 mill. kr. I tillegg er det sett av 20 mill. kr til vegutbetringar. Tiltaka er føresett finansierte med statlege midlar og bompengar. Bompenginntektene vil kome frå auka takstar i ferjesambanda.

Det er lagt til grunn 40 mill. kr i statlege midlar. Kvinnherad kommune har akseptert utsetjing av ein statleg refusjon på 20 mill. kr av tidlegare forskotterte midlar til rv. 551 Austrepollen–Løfallstrand frå 2009 til perioden 2010–2013. Vilkåret er at 20 mill. kr vert stilte til disposisjon til ovanfor nemnde prosjekt i 2009.

Det er lagt opp til anleggsstart våren 2009. Eg er takksam for at fleirtalet i komiteen med si raske behandling vil bidra til ei mogleg forsering og innkorting av byggjeperioden. Eg er samd i at det er uheldig om byggjeperioden går over to sommarsesongar. Eg har fått opplyst av Statens vegvesen at det er eit mål at ferjekaia kan opnast for trafikk frå sommarsesongen 2010.

Dersom det frå lokalt hald vert teke kontakt om midlertidige løysingar fram til ny ferjekai er på plass, vil me sjølv sagt, som elles, vere opne for å drøfte det, utan at eg i dag kan forskottere kva som vil vere resultatet av ein slik samtale.

Dette er den siste av tre saker i dag som, kvar på sitt vis, vil bidra til betre samferdsleløysingar i ein viktig region, Hordaland og Rogaland.

Representanten Hareide sa at det viktige er at prosjekta vert realiserte. Den store pågangen eg har frå lokale styresmakter, frå lokalt næringsliv, frå lokale eldsjeler som er med på å bere prosjekta fram, tyder på at det er sanne ord. Folk er utolmodige, og er òg villige til å vere med på spleiselag, både lokale og regionale styresmakter, som me har sett i dag, og bilistane – sjølv om me har eit Framstegsparti som, iallfall i denne sal, held oppe sin motstand mot slike prosjekt. Men me ser at òg Framstegspartiet, når dei får makt og påverknad, er pådrivarar inn mot Samferdsledepartementet for å få nettopp bompengeprojekt opp å stå.

Eg vil igjen rette ros til komiteen for rask, god og ryddig handsaming av saka. Eg opplever at det er eit konstruktivt samarbeid med komiteen, og det er viktig. Éin ting er å få saka fram til Stortinget, men saka skal òg gjennom denne viktige salen på ein god måte.

**Presidenten:** Det blir replikkordskifte.

**Arne Sortevik (FrP) [11:24:36]:** Det er grunn til å minne om at vi i Fremskrittspartiet selvfølgelig er pådrivere for å få en hurtig realisering av mange gode samferdselsprosjekt, men det er i Stortinget finansieringen vedtas, og det er staten som skal betale for statens veier. Det var det jeg begynte med å si i mitt innlegg i første sak.

I denne saken har jeg referert en protokolltilførsel da fylkestinget behandlet saken. I tillegg til partiene Fremskrittspartiet, Høyre og Kristelig Folkeparti var faktisk også regjeringspartner SV med i den protokolltilførsel-

len som presiserer at denne saken innebærer å flytte bompengegrensene.

Hva er statsrådets syn på bompengebrauken i denne saken? Er hun enig i regjeringspartner SVs bemerkning lokalt i fylkestinget om at man med denne måten å finansiere på, faktisk flytter bompengegrensene? Og er hun betenkt over å bruke ferjebilletten helt generelt til å innkassere bompenger?

**Statsråd Liv Signe Navarsete [11:25:41]:** Ferjekaia inngår som ein del av vegnettet. Prinsippet for finansiering av offentlege ferjekaier er nøyaktig det same som for finansiering av vegnettet elles. Eg kan vise til vegloven, der det er gitt ein heimel for at bompengar og lokal øyremerkt drivstoffavgift kan nyttast i finansieringa.

Det er altså ikkje særskilde retningslinjer for bompengefinansiering av ferjekaier. Det gjeld som for vegnettet elles. Så at ein flyttar nokre merkesteinar i denne saka, kan eg absolutt ikkje sjå.

**Presidenten:** Flere har ikke bedt om ordet til replikk. Flere har heller ikke bedt om ordet til sak nr. 3. (Votering, se side 366)

Carl I. Hagen gjeninntok her presidentplassen.

Etter at det var ringt til votering, uttalte **presidenten:** Stortinget går til votering.

#### *Votering i sak nr. 1*

**Presidenten:** Under debatten har Arne Sortevik satt frem tre forslag på vegne av Fremskrittspartiet.

Forslag nr. 1 lyder:

«Stortinget samtykker i at utbygging av rv 47 T-forbindelsen gjennomføres slik det er redegjort for i St.prp. nr. 70 (2008–2009).»

Forslag nr. 2 lyder:

«Utbygging av rv 47 T-forbindelsen finansieres med statlige midler. Stortinget ber Regjeringen sørge for at Vegdirektoratet får fullmakt til å ta opp statlig lån med lav rente til finansiering av prosjektet. Stortinget legger til grunn at det senest i forbindelse med fremleggelse av Regjeringens forslag til NTP for 2010–2019 kommer på plass en ordning med omgjøring av de statlige etatene Statens vegvesen, Jernbaneverket og Kystverket til statlige selskaper. Stortinget legger videre til grunn at slike statlige selskaper får anledning til å ta opp statlige lån med lav rente for å sikre avklart, forutsigbar og langsiktig finansiering av et omfattende investeringsprogram som kan gi Norge effektiv, sikker og miljøvennlig transport.»

Forslag nr. 3 lyder:

«Bompengebeløp som fra 1. april 2001 er forhåndsinnkrevet fra bilistene ved bruk av ferjesambandene E39 Mortavika–Arsvågen og rv 47 Mekjarvik (Randaberg)–Skudeneshavn, tilbakeføres gjennom redusert biltakst i en periode på åtte år fra 1. januar 2009.»

**Presidenten:** Det voteres alternativt mellom disse forslagene og komiteens innstilling.

Komiteen hadde innstilt:

#### I

Stortinget samtykker i at bompengeselskapet får løyve til å ta opp lån og krevje inn bompengar til delfinansiering av utbygginga i tråd med vilkåra i St.prp. nr. 70 (2007–2008) og Innst. S. nr. 15 (2008–2009).

#### II

Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå avtale med bompengeselskapet og fastsetje nærare reglar for finansieringsordninga.

#### Votering:

Ved alternativ votering mellom komiteens innstilling og forslagene fra Fremskrittspartiet ble innstillingen bifalt med 85 mot 24 stemmer.

(Voteringsutskrift kl. 11.34.17)

#### *Votering i sak nr. 2*

**Presidenten:** Under debatten har Arne Sortevik satt frem et forslag på vegne av Fremskrittspartiet. Forslaget lyder:

#### «I

Stortinget samtykker i at prosjekt fylkesveg 107 Jondalstunnelen i Hordaland gjennomføres slik det er redegjort for i St.prp. nr. 72 (2007–2008).

#### II

Det bevilges 135 mill. kroner i statlig bidrag til prosjektet, slik at dette sammen med kommunale tilskudd og fylkeskommunale midler sikrer fullfinansiering av prosjektet innenfor en samlet ramme på 760 mill. 2008-kroner. Stortinget ber Regjeringen sørge for at økningen i statlig bevilgning på 83 mill. kroner i forhold til foreslått finansieringsplan dekkes inn i sluttsalderingen av statsbudsjettet for 2008.»

**Presidenten:** Det voteres alternativt mellom dette forslaget og komiteens innstilling.

Komiteen hadde innstilt:

#### I

Stortinget samtykker i at bompengeselskapet Jondalstunnelen AS får løyve til å krevje inn bompengar til delvis bompengefinansiering av fylkesveg 107 Jondalstunnelen etter vilkåra i St.prp. nr. 72 (2007–2008) og Innst. S. nr. 16 (2008–2009).

## II

Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå avtale med bompengeselskapet og fastsette nærare reglar for finansieringsordninga.

## Votering:

Ved alternativ votering mellom komiteens innstilling og forslaget fra Framskrittspartiet ble innstillingen bifalt med 87 mot 23 stemmer.

(Voteringsutskrift kl. 11.34.52)

*Votering i sak nr. 3*

**Presidenten:** Under debatten har Arne Sortevik satt frem et forslag på vegne av Framskrittspartiet. Forslaget lyder:

## «I

Stortinget godkjenner bygging av ny ferjekai på Årsnes og utbedring av rv 551 mellom Løfallstrand og Årsnes i Kvinnherad kommune i Hordaland slik prosjektet er beskrevet i St.prp. nr. 2 (2008–2009).

## II

Prosjektet finansieres i sin helhet med statlige midler som også skal omfatte finansieringskostnader. Utvidet finansieringsramme i forhold til fremlagt finansieringsplan i St.prp. nr. 2 (2008–2009) dekkes i sluttsaldering av statsbudsjettet for 2008.»

**Presidenten:** Det voterer alternativt mellom dette forslaget og komiteens innstilling.

Komiteen hadde innstilt:

## I

Stortinget samtykkjer i at bompengeselskapet får løyve til å ta opp lån og krevje inn bompengar til delvis bompengefinansiering av bygginga etter vilkåra i St.prp. nr. 2 (2008–2009) og Innst. S. nr. 18 (2008–2009).

## II

Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå avtale med bompengeselskapet og fastsette nærare reglar for finansieringsordninga.

## Votering:

Ved alternativ votering mellom komiteens innstilling og forslaget fra Framskrittspartiet ble innstillingen bifalt med 86 mot 23 stemmer.

(Voteringsutskrift kl. 11.35.28)

**Presidenten:** Presidenten gjør oppmerksom på at det fremdeles er stemmeplikt. Her har nemlig tallene variert. Det er noen som ikke har stemt.

## Sak nr. 4 [11.35:45]

*Referat*

**Presidenten:** Det foreligger ikke noe referat. Dermed er dagens kart ferdigbehandlet.

Forlanger noen ordet i henhold til forretningsordnens § 37 a før møtet heves? – Møtet er hevet.

Møtet hevet kl. 11.36.

---